

Retningslinjer for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning

I tillegg til i dei høve som er omtala under, kan NGIR gje dispensasjon/fritak for andre høve der det er særskilde grunnar som talar for dette.

BUSTADER

- a) For bustader med lengre vegavstand enn 300 m til køyreveg*/hente plass kan ein søkja NGIR om å få levera avfallet i sekk, eller til fellesdunk(ar), i staden for å nytta eigne dunkar. NGIR avgjer storleik på og plassering av dunk(ar), og i kva grad kjeldesortering skal gjennomførast. Dispensasjon frå bruk av eigne dunkar i samsvar med dette punkt gjev ikkje grunnlag for reduksjon av renovasjonsgebyret.
- b) For bustader som ligg slik til at det må nyttast båt fram til køyreveg*/hente plass, gjeld same retningslinjer som i punkt a.
- c) Einskildperson som bur i hybel, generasjonsbustad eller kårhus, og som kan levera avfallet sitt i fellesdunkar ved hovudhuset, kan søkja NGIR om å få redusert renovasjonsgebyret til halvt normalabonnement.
- d) For bygg/bustader som kan dokumenterast å ikkje vera i bruk i minimum 6 månader, kan ein søkja NGIR om fritak for den ordinære renovasjonsordninga for den aktuelle perioden. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand, og evt. avfall må leverast i hyttekonteinar. Renovasjonsgebyret vert redusert til halvt normalabonnement.
- e) For bygg/bustader som er i ein slik stand at det ikkje kan bu folk der i ein periode på minimum 6 månader, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga for den aktuelle perioden. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand. Fritaket omfattar og gebyrplikta.
- f) For bustader som har husvære for utleige, men der ein skal gå over til å nytta heile huset til eige bruk, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta for utleigehusværet. Ved slikt fritak må avfallsdunkane leverast inn i reingjort stand.

Som hovudregel gjeld reduksjon av, eller fritak frå, renovasjonsgebyret med ei tidsavgrensing på inntil 1 år. Det kan i særskilde tilhøve gjevast fritak for ein lengre periode enn 1 år. Søkjar må, før fritaksperioden går ut, gje melding til NGIR dersom situasjonen er uendra. Vert ikkje slik melding gjeve, vert gebyret justert attende.

HYTTER

For hytter som ligg over 3 km frå bilveg, kan ein søkja NGIR om fritak frå renovasjonsordninga og gebyrplikta. Det er ein føresetnad at Forureiningslova si § 7, Plikt til å unngå forureining, og § 28, Forbod mot forsøpling, ikkje vert brotne.

Fritak skal berre gjevast dersom situasjonen er slik at kunden venteleg må gå meir enn 3 km for å koma til bilveg. At det må nyttast båt fram til køyreveg*/hente plass, gjev ikkje grunnlag for reduksjon/fritak.**

**Med køyreveg er meint veg der renovasjonsbilane kan køyra lovleg på ein forsvarleg måte.*

***Klageorganet for einskildvedtak knytt til renovasjonsforskrifta og gebyrregulativet ser det som viktig at det er likebehandling i sakshandsaminga. Klageorganet vil difor slå fast at Retningslinjene for handsaming av søknader om dispensasjon/fritak frå ordinær renovasjonsordning ikkje skal tolkast slik at hytter kan få fritak frå gebyrplikta på bakgrunn av at dei har meir enn 3 km til bilveg, dersom det er høve til å nytta båt mellom hytte og bilveg. Fritak skal berre gjevast dersom situasjonen er slik at kunden venteleg må gå meir enn 3 km for å koma til bilveg. På denne måten vert ikkje vilkåra for å søkja fritak frå gebyrplikta meir lempelege for hyttekundar enn for hushaldskundar, under elles like tilhøve. (Vedteke: 18.03.13. Sett i verk: 01.07.13).*